

RAPPORTER

80/22

**EKSAKTE METODAR FOR
ANALYSE AV TOVEGSTABELLAR**

AV
ROLF AABERGE


**STATISTISK SENTRALBYRÅ
OSLO**

RAPPORTER FRÅ STATISTISK SENTRALBYRÅ 80/22

EKSAKTE METODAR FOR ANALYSE
AV TOVEGSTABELLAR

AV
ROLF AABERGE

OSLO 1980
ISBN 82-537-1161-1
ISSN 0332-8422




FØREORD

Bakgrunnen for arbeidet som blir presentert i denne rapporten er eit forskningsprosjekt som har vore leia av professor Erling Sverdrup. Ei av målsetjingane til dette prosjektet var å utvikle eksakte metodar for analyse av tabellar, dvs. metodar som er særskilt eigna som analysereiskap for tabellar med få observasjonar.

Resultata i denne rapporten er ei utviding og vidareføring av dei ideane som vart drøfta i Rapp 79/20.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 4. juli 1980

Petter Jakob Bjerve



INNHALD

	Side
1. Innleiing	7
1.1. Motiverande eksempel	9
1.2. Definisjon av nokre viktige matematisk-statistiske omgrep	10
2. Eksistens og konstruksjon av overalt sterkaste styrkerette testar	11
2.1. Konstruksjon av tre-desisjonsreglar	15
3. Eksakte metodar for ulike hypotesar i ein to-vegstabell når modellen for tabellen er multinomisk	16
3.1. Uavhengigheit	18
3.2. Symmetri	25
3.3. Avgrensa symmetri	29
3.4. Samspelsymmetri	33
3.5. Marginal homogenitet	35
3.6. Diagonal-parameter symmetri	37
4. Eksakte metodar for ulike hypotesar i ein to-vegstabell når modellen for tabellen er produktmultinomisk	42
4.1. Homogenitet	42
4.2. Trend	46
4.3. Ulike problem i 2xs-tabellen	50
5. Asymptotiske metodar	62
6. Sentrale omgrep i to-vegstabellen uttrykt ved parametrane i den log-lineære modellen	67
Vedlegg 1:	
Konstruksjon av overalt sterkaste styrkerette testar under ein Poisson-modell	70
Vedlegg 2:	
Nullfordelinga til generaliserte Fisher-Irwins test	75
Referanser	79

-
- x) Eg vil takke Erling Sverdrup som tok initiativ til dette prosjektet, Tor Haldorsen og Jon Helgeland for mange verdifulle råd og inspirerande diskusjonar og John Dagsvik for nyttige kommentarar til manuskriptet.

S A M A N D R A G

Dei fleste matematisk-statistiske metodane som er utvikla til analyse av tabellar, byggjer på føresetnader om at talet på observasjonar i tabellcellene er "stort. Haldorsen (1977a) og (1977b) omtalar metodar som kviler på dette kravet.

I denne rapporten skal vi presentere eksakte metodar for analyse av to-vegstabellar, dvs. metodar som er gyldige sjølv om vi har små observasjonstal i tabellcellene.

1. INNLEIING

I mange undersøkingar vil observasjonane ofte gi uttrykk for kva slags kategoriar for aktuelle kjennemerke kvar av individa (einingane) høyrer til. Data av denne typen kallar vi kategoriske.

Ved å klassifisere individa frå ei undersøking med kategoriske data med omsyn på eitt eller fleire kjennemerke, får vi ein tabell som viser kor mange individ som fell under kvar av dei ulike kombinasjonane av kategoriane for kjennemerka. Dei fleste publikasjonane frå Statistisk Sentralbyrå inneheld slike tabellar. Tabellar som er resultat av ei kryssklassifisering mellom to kjennemerke blir kalla to-vegstabellar. Den enklaste av desse er 2x2-tabellen. Denne framkjem når kvart kjennemerke berre har to kategoriar.

Vi skal studere to-vegstabellar der observasjonane er genererte frå ein av følgjande tre modellar: Poisson, multinomisk eller produktmultinomisk. Val av modell er avhengig av kva slags måte data er samla inn på. For å illustrere dette skal vi gi tre enkle eksempel:

(i) Poisson-modell

Vi vil undersøke om førarar av personbil og lastebil har ulik atferd overfor stoppeplikta i vegkryss med stoppskilt. I denne situasjonen er det ikkje naturleg å fastsetje utvalstorleiken på førehand. I praksis observerer vi atferda til dei aktuelle einingane i ein avgrensa tidsperiode. Den totale utvalstorleiken blir derfor stokastisk, og modellen for tabellen blir Poisson (sjå vedlegget).

(ii) Multinomisk modell

I ei valundersøking ønskjer vi å få avslørt eventuell samanheng mellom kjønn og stemmegiving. Vi baserer undersøkinga på eit enkelt tilfeldig utval, der kun den totale utvalstorleiken (talet på personar som skal delta i undersøkinga) er fastlagt på førehand. Observasjonane frå undersøkinga kan vi presentere i ein tabell som er ei kryssklassifisering mellom kjennemerka kjønn og stemmegiving. Modellen for denne tabellen blir multinomisk (sjå kap. 3).

(iii) Produktmultinomisk modell

Vi vil undersøke om det er forskjell i ferieturaktiviteten mellom folk frå Nord-Noreg og Sør-Noreg. I denne situasjonen vil det vere naturleg

å basere undersøkinga på to enkle tilfeldige utval med kjende utvalstorleikar, eitt frå Nord-Noreg og eitt frå Sør-Noreg. Tabellen blir no ei kryssklassifisering mellom kjennemerka landsdel og ferieturaktivitet. Modellen for tabellen blir produktmultinomisk (sjå kap. 4).

I Statistisk Sentralbyrå er størstedelen av datamaterialet samla inn på ein slik måte at det er naturleg å nytte den multinomiske eller den produkt-multinomiske modellen for tabellane.

Den statistiske analysen av ein slik tabell kan gå ut på å spesifisere ulike samanhengar mellom cellesannsyna og deretter vurdere om datamaterialet som ligg føre gir grunnlag for å forkaste desse samhengane. Dei mest nytta av eksisterande analysemetodar er asymptotiske, dvs. deire eigenskapar kviler på føresetnaden om "store" utval. Vi kan derfor miste kontrollen med feilsannsynet til slike metodar når utvala er "små".

I samband med prosjektet "Analyse og estimering av kategoriske data" som har vore leia av professor Erling Sverdrup, har vi arbeidd med delprosjektet "Eksakt analyse av tabellar". Siktemålet med dette prosjektet har vore å utvikle eksakte metodar for analyseføremål i tabellar. Slike metodar er gyldige uansett tala på observasjonar i tabellcellene. I dette prosjektet har vi utvikla metoderesultat for fleirvegstabellar. Resultata i denne rapporten gjeld for to-vegstabellar. Vi vil presentere resultatata for tabellar med høgre dimensjonar i ein framtidig rapport. Ved å lese Aaberge (1979), som er ei særskilt handsaming av 2x2-tabellar, skulle det bli lettare å tileigne seg dei ideane som blir omtalt i denne rapporten.

Dei mest sentrale omgrepa i tilknytning til analyse av to-vegstabellar er uavhengigheit, symmetri, homogenitet og marginal homogenitet. Desse omgrepa har ein presis matematisk definisjon uttrykt ved ulike funksjonar av parametrane i modellen for tabellen. I rapporten viser vi kva slags informasjon desse ulike parameterfunksjonane kan gi oss. For å vurdere denne informasjonen har vi utvikla metodar med visse optimale eigenskapar.

I denne rapporten presenterer vi det analytiske verktøyet som er etablert for to-vegstabellar under prosjektet "Eksakt analyse av tabellar". Det står framleis att ein del arbeid før dei ulike metodane kan bli tekne

i bruk. Dette arbeidet går ut på å utvikle naudsynlege reknerutinar for dei metodane som vil ha størst interesse for Statistisk Sentralbyrå. Til no er det laga program for den situasjonen som er omtala i kap. 4.3. (I) (2xs-tabell). I det motiverande eksemplet (kap. 1.1.) analyserer vi ein 2x3-tabell etter den ramma som er gitt i kap. 4.3. (I). Eksempel på bruk av dei andre metodane frå denne rapporten vil bli gitt i samband med ein programomtale av eksakte metodar. Dette vil bli gjort så snart arbeidet med å utvikle naudsynlege reknerutinar er avslutta.

Rapporten er bygt opp slik at dei ulike kapitla delvis kan lesast uavhengige av kvarandre. Kap. 2 og vedlegget krev grundige kunnskapar i matematisk statistikk, medan delar av kapitla 3, 4, 5 og 6 stiller mindre krav til lesaren sine matematisk statistiske kunnskapar.

1.1. Motiverande eksempel

Med data frå Levekårsundersøkinga 1973, gir vi i tabell 1 grunnmaterialet for arbeidstidsordninga til to pendlargrupper.

Tabell 1. Lønstakarar i grupper for pendlarstatus etter arbeidstidsordning.

	Skiftarbeid	Fast nattarbeid	Dagarbeid	Sum
Veke- og langtidspendlarar	13	0	23	36
Dagpendlarar	13	4	43	60
Sum	26	4	66	96

Storparten av dei tabellane som Statistisk Sentralbyrå publiserer, viser korleis einingar i ulike grupper prosentvis fordeler seg med omsyn på ein variabel. I ein publikasjon frå Statistisk Sentralbyrå ville derfor materialet i tabell 1 bli presentert som vist i tabell 2.

Tabell 2. Lønstakarar i grupper for pendlarstatus etter arbeidstidsordning. Prosent.

Pendlarstatus	I alt	Skiftarbeid	Fast nattarbeid	Dagarbeid	Talet på personar
Veke- og langtidspendlarar .	100	36	0	64	36
Dagpendlarar	100	22	7	72	60

Denne tabellen er tidlegare publisert i Iversen (1977).

Vi vel å sjå på problemet med å kommentere tabellen som eit val mellom tre avgjerder (desisjonar):

- (i) Større førekomst av skiftarbeid og samstundes mindre førekomst av fast nattarbeid blant veke- og langtidspendlarane.
- (ii) Større førekomst av skiftarbeid og samstundes mindre førekomst av fast nattarbeid blant dagpendlarane.
- (iii) Ikkje seie noko.

Dette blir kalla tre-desisjonsproblem og er omtala i kap. 2.1. For å etablere ein desisjonsregel for dette problemet må vi bestemme ein modell for tabellen. I tabell 2 blir kvar av gruppene (i forspalten) skildra av multinomiske fordelingar, dvs. modellen for tabellen er produktmultinomisk (kap. 4). I eksempel 1 (kap. 4.3.) viser vi korleis problemet kan bli uttrykt ved parametrane i den produktmultinomiske modellen for tabellen. Som desisjonsregel skal vi derfor gjere bruk av den eksakte metoden som blir presentert i kap. 4.3. (I). Vi krev at desisjonsregelen skal ha nivå 0.05, dvs. sannsyna for å påstå (i) når (ii) er sann og (ii) når (i) er sann skal vere høgst 0.05.

For materialet i tabell 1 gir den eksakte desisjonsregelen avgjerd (i), dvs. vi kan påstå at førekomsten av skiftarbeid er større blant veke- og langtidspendlarane enn blant dagpendlarane og samstundes at det motsette er tilfelle når det gjeld fast nattarbeid.

1.2. Definisjon av nokre viktige matematisk-statistiske omgrep

La X ha fordeling P , der $P \in \mathcal{P}$. \mathcal{P} er ein eksponensiell fordelingsklasse om vi for einkvar $P \in \mathcal{P}$ har at

$$(I) \quad dP = a(P) \exp(\theta(P)Z(x)) dP_0$$

der P_0 er eit element i \mathcal{P} , θ vektor med s element og $Z = (Z_1, \dots, Z_s)'$.

La $\Theta = \theta(\mathcal{P})$, der \mathcal{P} er eksponensiell. Dersom avbildinga

$$\psi: P \rightarrow \theta(P), P \in \mathcal{P}$$

er ein-eintydig så seier vi at parametriseringa ψ^{-1} er kanonisk og den er minimal kanonisk viss dimensjonen til Θ er lik dimensjonen til \mathcal{P} .

Observatorane Z i (I) blir kalla minimal kanoniske viss parametriseringa av \mathcal{P} er minimal kanonisk.

La \mathcal{P} vere ein eksponensiell fordelingsklasse der Z er ein minimal kanonisk observator for \mathcal{P} . La P_0 vere eit element i \mathcal{P} . Da er fordelingsklassen $\tilde{\mathcal{P}}$ generert av (P_0, Z) ikkje avhengig av P_0 og Z og vidare er $\mathcal{P} \subset \tilde{\mathcal{P}}$. Vi seier at \mathcal{P} er kanonisk viss $\mathcal{P} = \tilde{\mathcal{P}}$.

Ein eksponensiell fordelingsklasse er regulær viss \mathcal{P} er kanonisk og viss vi for ein eller annan minimal kanonisk representasjon $\{P_\theta: \theta \in \Theta\}$ har at mengda Θ er open.

Θ er ei affin mengd viss $\sum_{i=1}^2 a_i \theta_i \in \Theta$ for alle $\theta_i \in \Theta$, $i = 1, 2$ og alle reelle a_1 og a_2 slik at $\sum_{i=1}^2 a_i = 1$.

2. EKSISTENS OG KONSTRUKSJON AV OVERALT STERKASTE STYRKERETTE TESTAR

I dette kapitlet føreset vi at to-vegstabellen er resultat av ei multinomisk forsøksrekke, dvs. vi har N uavhengige forsøk (utvalsstorleiken N er fast). Dersom vi i forsøket har halde marginalane til det eine kjennemerket fast, blir den underliggjande modellen produktmultinomisk. Denne situasjonen er omtala i kap. 4.

Vi har N uavhengige forsøk som kan kryssklassifiserast m.o.p. to kjennemerke A og B . A og B har respektive r og s kategoriar. Ved kvart forsøk vil ei og berre ei av hendingane $A_i \cap B_j$, $i = 1, 2, \dots, r$; $j = 1, 2, \dots, s$ inntreffe. I dei N forsøka er hendinga $A_i \cap B_j$ observert X_{ij} ganger. X_{ij} blir derfor talet på observasjonar i celle (i, j) til $r \times s$ -tabellen. I innleiinga av kap. 3 har vi omtalt denne tabellen meir detaljert.

La $p_{ij} = \Pr(A_i \cap B_j)$, $0 < p_{ij} < 1$ for alle i og j . Simultanfordelinga (punktsannsynet) til X_{ij} -ane er da

$$(2.1) \quad \Pr\left(\bigcap_{i=1}^r \bigcap_{j=1}^s (X_{ij} = x_{ij})\right) = \frac{N!}{\prod_{i=1}^r \prod_{j=1}^s (x_{ij})!} \prod_{i=1}^r \prod_{j=1}^s p_{ij}^{x_{ij}}$$

der

$$\sum_{i=1}^r \sum_{j=1}^s p_{ij} = 1 \quad \text{og} \quad \sum_{i=1}^r \sum_{j=1}^s X_{ij} = N.$$

La \mathcal{P} vere fordelingsklassen definert ved (2.1). Vi har at \mathcal{P} er eksponensiell sidan vi for einkvar $P \in \mathcal{P}$ har

$$(2.2) \quad dP = \left[(hp_{rs})^N \exp \left(\sum_{(i,j) \neq (r,s)} \sum x_{ij} \log \frac{p_{ij}}{p_{rs}} \right) \right] dP_0$$

der P_0 er sannsynfordelinga svarande til $p_{ij} = \frac{1}{h}$, $i = 1, 2, \dots, r$; $j = 1, 2, \dots, s$ og $h = rs$.

La

$$\Theta = \theta(\mathcal{P}), \theta = (\theta_{11}, \dots, \theta_{1s}, \dots)'$$

der

$$(2.3) \quad \theta_{ij} = \log \frac{p_{ij}}{p_{rs}}, \quad (i,j) \neq (r,s)$$

som er ekvivalent med

$$p_{ij} = \frac{\exp(\theta_{ij})}{1 + \sum_{(i,j) \neq (r,s)} \exp(\theta_{ij})}, \quad (i,j) \neq (r,s).$$

Følgjeleg er transformasjonen $P \rightarrow \theta(P)$, $P \in \hat{\mathcal{P}}$ definert ved (2.3) ein-ein-tydig. Vidare er $\dim \Theta = \dim \hat{\mathcal{P}} = h-1$. Dette gir at parametriseringa

$$\{P_\theta: \theta \in \Theta\}$$

gitt ved

$$(2.4) \quad dP_\theta = \left[a(\theta) \exp \left(\sum_{(i,j) \neq (r,s)} \sum \theta_{ij} x_{ij} \right) \right] dP_0$$

$$\text{der} \quad a(\theta) = h^N \left(1 + \sum_{(i,j) \neq (r,s)} \exp(\theta_{ij}) \right)^{-N},$$

er minimal kanonisk representasjon av $\hat{\mathcal{P}}$.

I motsetning til p_{ij} kan θ_{ij} ta alle moglege verdiar på tallinja. Vidare er θ_{ij} berre definert for $(i,j) \neq (r,s)$ slik at $\Theta = \mathbb{R}^{h-1}$. Θ er altså ei open mengd, og vi har at den eksponensielle fordelingsklassen $\hat{\mathcal{P}}$ er regulær.

Nedafør vil vi avgrense oss til å studere regulære hypotesar. For å få uttrykt dette kravet eksplisitt, skal vi gjere bruk av følgjande resultat frå Barndorff-Nielssen (1970)

Lemma 1. La $\hat{\mathcal{P}}$ vere ein regulær eksponensiell fordelingsklasse og la \mathcal{P}_0 vere ein hypotese til $\hat{\mathcal{P}}$. Da er dei to følgjande utsegna ekvivalente

- (i) $\hat{\mathcal{P}}_0$ er affin
- (ii) $\hat{\mathcal{P}}_0$ er regulær.

Vi vil vidare avgrense oss til dei \mathcal{P}_0 og \mathcal{P} som er slik at hypotesen \mathcal{P}_0 kan uttrykkjast som utsegn om ein parameter, γ .

La $\mathcal{P}_{\gamma, B}$ vere ein klasse av fordelingar definert ved

$$(2.5) \quad \mathcal{P}_{\gamma, B} = \{P_\theta: B\theta = v + U(\frac{\gamma}{\xi})\}$$

der $\theta \in \mathcal{M}$, $\gamma \in \mathbb{R}$, ξ er ein vektor med dimensjon d_0 , B er ei $d_1 \times (h-1)$ -matrise med rang d_1 , $d_1 = 1, 2, \dots, h-1$; $h-1 = \dim \mathcal{M}$, U er ei $d_1 \times (d_0+1)$ -matrise med rang d_0+1 , $d_0 = 0, 1, \dots, d_1-1$, $U \neq 0$, v er ein vektor med dimensjon d_1 . Elementa til ξ er ukjende parametrar medan elementa til B , U og v er kjende reelle tal.

Vi har opplagt at $\mathcal{P}_{\gamma, B} \subseteq \mathcal{P}$.

Vi skal no teste hypotesane H_j mot dei respektive alternativa A_j , $j = 1, 2, 3, 4$:

$$H_1: \gamma \leq \gamma_0 \quad (\text{eventuelt } \gamma = \gamma_0)$$

$$A_1: \gamma > \gamma_0$$

$$H_2: \gamma \leq \gamma_1 \text{ eller } \gamma \geq \gamma_2$$

$$A_2: \gamma_1 < \gamma < \gamma_2$$

$$H_3: \gamma_1 \leq \gamma \leq \gamma_2$$

$$A_3: \gamma < \gamma_1 \text{ eller } \gamma > \gamma_2$$

$$H_4: \gamma = \gamma_0$$

$$A_4: \gamma \neq \gamma_0$$

La $\mathcal{M}_B = \{\theta: B\theta = U(\frac{\gamma}{\xi}) + v\}$ der θ , γ , ξ , U og v er som i (2.5). Da får vi at

$$B(a_1\theta_1 + a_2\theta_2) = a_1B\theta_1 + a_2B\theta_2 = a_1(U(\frac{\gamma}{\xi}) + v) + a_2(U(\frac{\gamma}{\xi}) + v) = U(\frac{\gamma}{\xi}) + v$$

for alle reelle tal a_1 og a_2 som er slik at $a_1 + a_2 = 1$ og for alle $\theta_1, \theta_2 \in \mathcal{M}_B$.

Følgjeleg har vi vist at \mathcal{M}_B og dermed $\mathcal{P}_{\gamma, B}$ er affin. Sidan \mathcal{P} definert ved (2.4) er regulær, gir derfor Lemma 1 at $\mathcal{P}_{\gamma, B}$ er regulær.

Vi kan da nytte Teorem 3 (kap. 4) Lehman (1959) for å etablere følgjande resultat:

Setning 1. La hypotesen $\mathcal{P}_0 = \mathcal{P}_{\gamma, B}$, $\gamma \in H_j$, $j = 1, 2, 3, 4$ der $\mathcal{P}_{\gamma, B}$ er gitt ved (2.5). Da eksisterer det overalt sterkaste styrkerette testar med nivå ϵ for å teste $\mathcal{P}_0 = \mathcal{P}_{\gamma, B}$, $\gamma \in H_j$ mot respektive $\mathcal{P}_{\gamma, B}$, $\gamma \in A_j$; $j=1, 2, 3, 4$.

Vi skal no spesielt ta for oss testproblem av typen H_1, A_1 . Under klassen av modellar definert ved (2.5) vil vi etablere metodar for å teste $H: \gamma = 0$ mot $A: \gamma > 0$. Vi får da at fordelingsklassen $\mathcal{P}_{\gamma, B}$ må vere på formen

$$(2.6) \quad dP_{\theta} = a(\theta) \exp(\gamma(\theta)T(x) + \sum_{i=1}^{h-d-1} \tau_i(\theta)Y_i(x)) dP_0$$

der $x = (x_{11}, \dots, x_{rs})'$ og $d = d_1 - d_0$.

Funksjonsformene til γ , τ_1 , τ_2 , \dots , τ_{h-d-1} og dermed til T , Y_1 , Y_2 , \dots , Y_{h-d-1} avhenger av spesifiseringa av B , U og v .

Ved å nytte Setning 1 og Teorem 3 (kap. 4) Lehmann (1959), får vi følgjande resultat:

Setning 2. La X ha fordeling gitt ved (2.1) og la $\mathcal{P}_{\gamma, B}$ vere definert ved (2.5). For å teste $H: \mathcal{P}_{0, B}$ mot $A: \mathcal{P}_{\gamma, B}$, $\gamma > 0$ så eksisterer det ein overalt sterkast styrkerett (O.A.S.S.) test δ med nivå ε . Testen er definert ved

$$\delta(x) = \begin{cases} 1 & \text{når } T(x) > k(y_1, y_2, \dots, y_{h-d-1}) \\ \mu & \text{når } T(x) = k(y_1, y_2, \dots, y_{h-d-1}) \\ 0 & \text{når } T(x) < k(y_1, y_2, \dots, y_{h-d-1}) \end{cases}$$

der k og μ er gitt ved $E_H(\delta(X) | y_1, y_2, \dots, y_{h-d-1}) = \varepsilon$.

Setning 1 seier at for alle parametrar γ gitt ved (2.5) eksisterer det overalt sterkaste styrkerette testar for å teste problem av typen H_j mot A_j ; $j = 1, 2, 3, 4$. For å gjere bruk av Setning 1 og Setning 2 må vi derfor undersøke om hypotesen \mathcal{P}_0 kan skrivast på formen $\mathcal{P}_{0, B} = \{P_{\theta}: B\theta = v + U(\xi)\}$, der v , B og U er som i (2.5). Vi etablerer så ein O.A.S.S. test for hypotesen $\mathcal{P}_{0, B}$ under apriori-rom som er av ein dimensjon høgre enn dimensjonen til parameterrommet under hypotesen. Under hypotesen har vi dimensjon $(h-d-1)$, der h er talet på celler i tabellen og $d = \text{rang}(B) - \text{dim}(\xi)$. Vi studerer derfor modellar som har dimensjon $(h-d)$. Den fulle modellen har dimensjon $(h-1)$, slik at apriori reduksjonen er på $(d-1)$ fridomsgrader.

Merk: Når $d = 1$ har vi ingen apriori-restriksjon på parameterrommet og dermed blir $\mathcal{P}_{\gamma, B} = \mathcal{P}$.

Vi blir kvitt plageparametrane τ i sannsynfordelinga (2.6) hvis $d = h - 1$. Setning 2 gjeld framleis, men med den endring at testen no blir den overalt sterkaste blant testar med nivå ε .

Dei fleste hypotesane i kapitla 3 og 4 er presenterte på ei slik form at $d_0 = 0$, dvs. U er ein vektor med dimensjon d_1 . I kap. 3.6 studerer vi ein hypotese relativt til ein modell som er gitt på forma (2.5) med d_0 ulik 0.

2.1. Konstruksjon av tre-desisjonsreglar

Den klassiske hypoteseprøvingsteorien omtalar metodar for val mellom to avgjerder; enten å forkaste eller ikkje seie noko. For mange situasjonar i samband med tabellanalyse, vil det vere naturleg å formulere problema som tre-desisjonsproblem. Som i avsnittet ovafor skal vi studere parameteren γ under klassen av modellar gitt ved (2.5). Vi ønskjer å avgjere når $\gamma < 0$ eller $\gamma > 0$, dvs. vi har val mellom tre avgjerder (desisjonar):

$$D_1 = \text{påstå } \gamma < 0, D_2 = \text{påstå } \gamma > 0, D_3 = \text{ikkje seie noko.}$$

La observasjonsmaterialet X ha fordeling P , der $P \in \mathcal{P}$ er gitt ved (2.1). Vi definerer den statistiske metode ψ ved

$$(2.7) \quad \psi_i(X) = \text{betinga sannsynet for å velje } D_i \text{ gitt } X,$$

$$\text{der} \quad \sum_{i=1}^3 \psi_i(X) = 1.$$

Vi skal leggje følgjande krav på metoden:

(i) Nivået skal vere ϵ , dvs. sannsyna for feilaktig å påstå $\gamma < 0$ og feilaktig å påstå $\gamma > 0$ skal vere høgst ϵ .

$$E_P \psi_1(X) \leq \epsilon \quad \text{når } \gamma > 0$$

$$E_P \psi_2(X) \leq \epsilon \quad \text{når } \gamma < 0$$

(ii) Prestasjonsrettheit, dvs. sannsyna for rett utsagn skal vere minst ϵ .

$$E_P \psi_1(X) \geq \epsilon \quad \text{når } \gamma < 0$$

$$E_P \psi_2(X) \geq \epsilon \quad \text{når } \gamma > 0.$$

Blant alle ψ som tilfredsstillar (i) og (ii), ønskjer vi å finne ein ψ som maksimerer $E_P \psi_1(X)$ for $\gamma < 0$ og $E_P \psi_2(X)$ for $\gamma > 0$.

Dersom vi ser bort i frå kravet $\sum_{i=1}^3 \psi_i = 1$, har vi i røynda to separate to-desisjonsproblem om å finne to overalt sterkaste styrkerette testar ψ_1 og ψ_2 . I denne situasjonen blir $\psi_1 + \psi_2 \leq 1$. Vi kan derfor nytte Setning 2 som gir opphav til følgjande resultat:

Setning 3. La X ha fordeling gitt ved (2.1) og la γ vere definert ved (2.5).
Desisjonsregelen som går ut på å påstå

$$\gamma < 0 \text{ når } T(x) < k_1(y_1, y_2, \dots, y_{h-d-1}),$$

$$\gamma > 0 \text{ når } T(x) > k_2(y_1, y_2, \dots, y_{h-d-1})$$

og vidare påstå

$$\gamma < 0 \text{ med sannsyn } \mu_1$$

når

$$T(x) = k_1(y_1, y_2, \dots, y_{h-d-1}),$$

$$\gamma > 0 \text{ med sannsyn } \mu_2$$

når

$$T(x) = k_2(y_1, y_2, \dots, y_{h-d-1})$$

er desisjonsregelen som uniformt maksimerer prestasjonsfunksjonen ($E_p \psi$) blant alle prestasjonsrette desisjonsreglar med nivå ϵ .

I kapitla 3 og 4 presenterer vi to-desisjonsmetodar (hypotesetestar) for analyse av ulike problem i to-vegstabellen. Ved å bruke Setning 3 får vi umiddelbart fram analoge tre-desisjonsreglar. I praksis vil det ofte vere naturleg å nytte tre-desisjonsformuleringa av dei ulike problema i kapitla 3 og 4 og dermed tre-desisjonsregelen som analysereiskap (sjå kap. 1.1.).

Tre-desisjonsproblemet sett i relasjon til klassisk hypoteseprøving er utførleg drøfta i Sverdrup (1976) og (1977).

3. EKSakte metodar for ulike hypotesar i ein to-vegstabell, når modellen for tabellen er multinomisk

Bishop et al. (1975) drøftar asymptotiske metodar for ei rekkje omgrep (hypotesar) i tilknytning til analyse av to-dimensjonale tabellar. Desse omgrepa er formulerte som funksjonar av parametrane til modellen for tabellen. Nedafor skal vi presentere eksakte metodar for analyse av uavhengigheit og ulike typar symmetri.

Vi har N uavhengige forsøk som kan kryssklassifiserast m.o.p. to kjennemerke A og B. A og B har respektive r og s kategoriar. Resultatet av N slike forsøk kan vi gi i rxs-tabellen

	B_1	B_2	B_j	B_s	Sum
A_1	X_{11}	X_{12}		X_{1j}		X_{1s}	X_{1+}
A_2	X_{21}	X_{22}		X_{2j}		X_{2s}	X_{2+}
⋮							
A_i	X_{i1}	X_{i2}		X_{ij}		X_{is}	X_{i+}
⋮							
A_r	X_{r1}	X_{r2}		X_{rj}		X_{rs}	X_{r+}
Sum	X_{+1}	X_{+2}		X_{+j}		X_{+s}	N

der X -ane er multinomisk fordelt med underliggjande parametrar

	B_1	B_2	B_j	B_s	Sum
A_1	P_{11}	P_{12}		P_{1j}		P_{1s}	P_{1+}
A_2	P_{21}	P_{22}		P_{2j}		P_{2s}	P_{2+}
⋮							
A_i	P_{i1}	P_{i2}		P_{ij}		P_{is}	P_{i+}
⋮							
A_r	P_{r1}	P_{r2}		P_{rj}		P_{rs}	P_{r+}
Sum	P_{+1}	P_{+2}		P_{+j}		P_{+s}	1

der $p_{ij} = \Pr(A_i \cap B_j)$ og $\sum_{i=1}^r \sum_{j=1}^s p_{ij} = 1$.

Når situasjonen er som ovafor, seier vi at modellen for tabellen er multinomisk.

Marginalsannsyna p_{i+} og p_{+j} er definert ved

$$p_{i+} = \sum_{j=1}^s p_{ij}, \quad i = 1, 2, \dots, r$$

$$p_{+j} = \sum_{i=1}^r p_{ij}, \quad j = 1, 2, \dots, s.$$

Desse uttrykkjer sannsyna for at eit individ skal høyre til kategoriane i og j for respektive kjennemerke A og kjennemerke B .

Marginalsummane X_{i+} og X_{+j} er definert ved

$$X_{i+} = \sum_{j=1}^s X_{ij}, \quad i = 1, 2, \dots, r$$

$$X_{+j} = \sum_{i=1}^r X_{ij}, \quad j = 1, 2, \dots, s.$$

der

$$\sum_{i=1}^r X_{i+} = \sum_{j=1}^s X_{+j} = \sum_{i=1}^r \sum_{j=1}^s X_{ij} = N.$$

Vi skal no nytte resultatata frå kap. 2 til å etablere metodar for ulike funksjonar av parametrane i modellen for rxs-tabellen. Vi vil dessutan gi ein omtale av kva slags informasjon desse ulike parameterfunksjonane kan gi oss.

3.1. Uavhengigheit

Dersom $\Pr(A_i \cap B_j) = \Pr(A_i) \cdot \Pr(B_j)$ for alle i, j dvs.

$$(3.1) \quad p_{ij} = p_{i+} \cdot p_{+j}, \quad i = 1, 2, \dots, r; \quad j = 1, 2, \dots, s$$

seier vi at variablane A og B er stokastisk uavhengige.

Kryssproduktforholda α_{ij} er definert ved

$$(3.2) \quad \alpha_{ij} = \frac{p_{ij} \cdot p_{rs}}{p_{is} \cdot p_{rj}} = \frac{p_{ij}/p_{is}}{p_{rj}/p_{rs}}, \quad i = 1, 2, \dots, r-1; j = 1, 2, \dots, s-1.$$

Av dette ser vi at når $\alpha_{ij} > 1$ kan vi slå fast at førekomsten av B_j relativt til B_s er større under A_i enn under A_r . Når $\alpha_{ij} = 1$ for alle i og j er A og B stokastisk uavhengige. Dette kan lett visast.

Sidan

$$\alpha_{ij} = \frac{(a_i \cdot b_j \cdot p_{ij})(a_r \cdot b_s \cdot p_{rs})}{(a_i \cdot b_s \cdot p_{is})(a_r \cdot b_j \cdot p_{rj})}, \quad i = 1, 2, \dots, r-1; j = 1, 2, \dots, s-1$$

har vi at α_{ij} er invariant under transformasjonen

$$(3.3) \quad p_{ij} \rightarrow a_i \cdot b_j \cdot p_{ij}$$

for ei kvar mengd av dei positive tala $\{a_i\}$, $\{b_j\}$ som er slik at

$\sum_{i=1}^r \sum_{j=1}^s a_i \cdot b_j \cdot p_{ij} = \sum_{i=1}^r \sum_{j=1}^s p_{ij} = 1$. Dette vil seie at kryssproduktforholda α_{ij} er mål for samspel som ikkje blandar marginalinformasjon med samspelinformasjon. Mange av dei mest kjende måla for samspel har ikkje denne eigenskapen.

Elles viser vi til Altham (1970) som gir ei utførleg grunngiving for at mål for samspel i to-vegstabellar bør vere funksjonar av kryssproduktforholda α_{ij} .

Vi skal no vise at vi kan skrive modellen for uavhengigheit på formen

$\mathcal{P}_{O,B}$

Ved å nytte (2.3) får vi for α_{ij} uttrykt ved dei kanoniske parametrene,

$$\alpha_{ij} = \exp(\theta_{ij} - \theta_{is} - \theta_{rj}), \quad i = 1, 2, \dots, r-1; j = 1, 2, \dots, s-1.$$

La $\theta = (\theta_{11}, \dots, \theta_{1s}, \theta_{21}, \dots, \theta_{2s}, \dots, \theta_{r-1,1}, \dots, \theta_{r-1,s}, \theta_{r1}, \dots, \theta_{rs-1})'$

og

$$(3.4) \quad B = \begin{matrix} & \begin{matrix} 1 & 2 & 3 & \dots & s & \dots & s(r-2)+1 & \dots & s(r-1)+1 & \dots & h-1 \end{matrix} \\ \begin{matrix} 1 \\ 2 \\ \vdots \\ s-1 \\ \vdots \\ s(r-2)+1 \\ \vdots \\ d_1 \end{matrix} & \begin{pmatrix} 1 & 0 & 0 & \dots & 0 & 0 & -1 & 0 & \dots & 0 & 0 & -1 & 0 & 0 & \dots & 0 \\ 0 & 1 & 0 & \dots & 0 & 0 & -1 & 0 & \dots & 0 & 0 & 0 & -1 & 0 & \dots & 0 \\ \vdots & \vdots & \vdots & \ddots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \ddots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \ddots & \vdots \\ 0 & 0 & 0 & \dots & 0 & 1 & -1 & 0 & \dots & 0 & 0 & 0 & 0 & 0 & \dots & -1 \\ \vdots & \vdots & \vdots & \ddots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \ddots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \ddots & \vdots \\ 0 & 0 & 0 & \dots & 0 & 0 & 0 & 0 & \dots & 1 & 0 & \dots & 0 & -1 & -1 & 0 & 0 & \dots & 0 \\ \vdots & \vdots & \vdots & \ddots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \ddots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \ddots & \vdots \\ 0 & 0 & 0 & \dots & 0 & 0 & 0 & 0 & \dots & 0 & 0 & \dots & 1 & -1 & 0 & 0 & 0 & \dots & -1 \end{pmatrix} \end{matrix}$$

der $h = rs$ og $d_1 = (r-1)(s-1)$.

Da har vi at

$$B\theta = 0$$

er ekvivalent med

$$\alpha_{ij} = 1, \quad i = 1, 2, \dots, r-1; \quad j = 1, 2, \dots, s-1.$$

Dette vil seie at hypotesen (modellen) for uavhengigheit kan skrivast på formen $\mathcal{P}_{0,B}$.

Vi skal no etablere ein test for hypotesen $\mathcal{P}_{0,B}$ mot alternativa $\mathcal{P}_{\gamma,B}$ (definert ved (2.5)), der B er gitt ved (3.4), $v = 0$,

$$U = (a_{11}, \dots, a_{1s-1}, a_{21}, \dots, a_{2s-1}, \dots, a_{r-11}, \dots, a_{r-1s-1})',$$

og a -ane er faste reelle tal, dvs. vi skal studere parameteren γ under modellen $\mathcal{P}_{\gamma,B}$.

A priori restriksjonane $B\theta = U\gamma$ kan dermed uttrykkjast ved

$$(3.5) \quad \theta_{ij} - \theta_{is} - \theta_{rj} = a_{ij}\gamma, \quad i = 1, 2, \dots, r-1; \quad j = 1, 2, \dots, s-1.$$

som igjen er ekvivalent med

$$\alpha_{ij} = \frac{p_{ij} \cdot p_{rs}}{p_{is} \cdot p_{rj}} = \exp(a_{ij}\gamma), \quad i = 1, 2, \dots, r-1; \quad j = 1, 2, \dots, s-1.$$

For fordelingsklassen \mathcal{P} definert ved (2.4) har vi

$$(3.6) \quad dP_{\theta} = a(\theta) \exp\left(\sum_{i=1}^r \sum_{j=1}^s \theta_{ij} x_{ij}\right) dP_0$$

(i,j) ≠ (r,s)

der

$$a(\theta) = (rs)^N \left(1 + \sum_{i=1}^r \sum_{j=1}^s \exp \theta_{ij}\right)^{-N}$$

(i,j) ≠ (r,s)

Sidan $\mathcal{P}_{\gamma, B}$ er \mathcal{P} avgrensa ved (3.5), finn vi ved å setje (3.5) inn i (3.6) at $\mathcal{P}_{\gamma, B}$ er gitt ved

$$(3.7) \quad dP_{\theta} = a(\theta) \exp\left(\gamma \sum_{i=1}^{r-1} \sum_{j=1}^{s-1} a_{ij} x_{ij} + \sum_{i=1}^{r-1} \theta_{is} x_{i+} + \sum_{j=1}^{s-1} \theta_{rj} x_{+j}\right) dP_0.$$

Ved å nytte Setning 2 finn vi at testen som forkastar $H : \gamma = 0$ (uavhengigheit) mot $A : \gamma > 0$ når

$$Y = \sum_{i=1}^{r-1} \sum_{j=1}^{s-1} a_{ij} X_{ij} > k(X_{1+}, \dots, X_{r-1+}, X_{+1}, \dots, X_{+s-1})$$

er O.A.S.S. test

med nivå ϵ .

k vert fastsett slik at

$$\sum_{j>k} g_1(j | x_{1+}, \dots, x_{r-1+}, x_{+1}, \dots, x_{+s-1}) + \mu_1 g_1(k | x_{1+}, \dots, x_{r-1+}, x_{+1}, \dots, x_{+s-1}) = \epsilon$$

der $0 \leq \mu_1 \leq 1$,

$$g_1(y | x_{1+}, \dots, x_{r-1+}, x_{+1}, \dots, x_{+s-1}) = \sum_{x \in S_1} f(x_{11}, \dots, x_{rs})$$

$$= \sum_{x \in S_1} \frac{\binom{x_{1+}}{x_{11}, \dots, x_{1s}} \binom{x_{2+}}{x_{21}, \dots, x_{2s}} \dots \binom{x_{r+}}{x_{r1}, \dots, x_{rs}}}{N \binom{x_{+1}, \dots, x_{+s}}{x_{+1}, \dots, x_{+s}}},$$

$$S_1 = \{x: \sum_{i=1}^{r-1} \sum_{j=1}^{s-1} a_{ij} x_{ij} = y\}, \quad x = (x_{11}, x_{12}, \dots, x_{1s}, \dots, x_{r1}, x_{r2}, \dots, x_{rs})'$$

$$x_{rj} = x_{+j} - \sum_{i=1}^{r-1} x_{ij}, \quad j = 1, 2, \dots, s, \quad x_{is} = x_{i+} - \sum_{j=1}^{s-1} x_{ij}, \quad i = 1, 2, \dots, r$$

og $f(\cdot)$ er den betingta fordelinga for (X_{11}, \dots) gitt (X_{1+}, \dots) .

Sidan den betinga fordelinga for $(X_{11}, \dots, X_{r-1, s-1})$ gitt $(X_{1+}, \dots, X_{r-1+}, X_{+1}, \dots, X_{+s-1})$ under H (uavhengigheit) blir generalisert multivariat hypergeometrisk, er det naturleg å kalle testen for generalisert Fisher-Irwins test.

Dette resultatet kan grunnrivast ved eit kombinatorisk resonnement. Nemnaren i uttrykket for den generaliserte multivariate hypergeometriske fordelinga er lik talet på måtar vi kan dele populasjonen inn i s grupper (etter kjennemerket B) med storleikar $x_{+1}, x_{+2}, \dots, x_{+s}$. Teljaren er lik talet på måtar vi kan dele dei x_{1+} einingane i første kategori (A_1) til kjennemerket A inn i grupper med storleikar $x_{11}, x_{12}, \dots, x_{1s}$, dei x_{2+} einingane i andre kategori (A_2) inn i grupper av storleikar $x_{21}, x_{22}, \dots, x_{2s}$, osv.

Merk: Ved å ta i bruk Lemma 2 (sjå Vedlegg 2) kan vi også finne nullfordelings til testen på tradisjonelt vis.

Når vi i praksis skal gjere bruk av metoden som er omtala ovafor, ser vi bort frå randomiseringa. Vi forkastar hypotesen om uavhengigheit ($\gamma=0$) mot $\gamma > 0$, dersom dei observerte X_{i+} , $i = 1, 2, \dots, r-1$, X_{+j} , $j = 1, 2, \dots, s-1$ og X_{ij} , $i = 1, 2, \dots, r-1$; $j = 1, 2, \dots, s-1$ er slik at

$$G_1(\tilde{Y} | X_{1+}, \dots, X_{r-1+}, X_{+1}, \dots, X_{+s-1}) = \sum_{\ell \leq \tilde{Y}} g_1(\ell | X_{1+}, \dots, X_{r-1+}, X_{+1}, \dots, X_{+s-1}) > 1 - \epsilon.$$

der

$$\tilde{Y} = \max_x \left(\sum_{i=1}^{r-1} \sum_{j=1}^{s-1} a_{ij} x_{ij} : \sum_{i=1}^{r-1} \sum_{j=1}^{s-1} a_{ij} x_{ij} < Y \right).$$

Dersom alle a_{ij} -ane er heiltal, og minst ein a_{ij} er lik 1,

blir

$$\tilde{Y} = Y - 1.$$

Når $r = 2$ og $s = 2$ (2x2-tabell), får vi Fisher-Irwins test.

Utrekninga av den betinga fordelinga g_1 (og dermed G_1) er reknemessig ressurskrevjande på den forma den ligg føre.

Elementær rekning viser at den multivariate hypergeometriske fordelinga kan splittast opp i eit produkt av $(r-1)(s-1)$ "hypergeometriske fordelingar". Dette resultatet er kjent frå Lancaster (1949). Den betinga fordelinga g_1 kan dermed skrivast på følgjande form

$$\begin{aligned}
 g_1(y|x_{1+}, \dots) &= \sum_{x \in S_1} \frac{\sum_{k=1}^{r-1} \sum_{\ell=1}^{s-1} x_{k\ell} \sum_{i=k+1}^r \sum_{j=\ell}^s x_{ij}}{\sum_{i=k+1}^r \sum_{j=\ell}^s x_{ij}} \\
 &= \sum_{x \in S_1} \prod_{k=1}^{r-1} \prod_{\ell=1}^{s-1} f'_{k\ell}(x_{k\ell})
 \end{aligned}$$

der

$$\sum_{i=k+1}^r x_{i\ell} = \sum_{i=k}^r x_{i\ell} - x_{k\ell},$$

dvs. g_1 kan uttrykkjast som konvolusjonen av dei betinga fordelingane $f'_{k\ell}$, $k = 1, 2, \dots, r-1$, $\ell = 1, 2, \dots, s-1$. Dette fører til følgjande enkle prosedyre for utrekninga av g_1 :

La

$$z_{k\ell} = a_{k\ell} x_{k\ell}$$

der $a_{k\ell}$ er heiltal.

La vidare

$$Z = \{0, 1, 2, \dots\}$$

og

$$f_{k\ell}(z) = \begin{cases} f'_{k\ell}(z/a_{k\ell}), & z/a_{k\ell} \text{ heiltal} \\ 0 & \text{ellers} \end{cases}$$

La $t = t(k, \ell)$ vere ordninga av indeksmengda (k, ℓ) , $k = 1, 2, \dots, r-1$, $\ell = 1, 2, \dots, s-1$ der ℓ går raskast, dvs. $t(1,1) = 1$, $t(1,2) = 2, \dots$, $t(1,s-1) = s-1$, $t(2,1) = s$, \dots , $t(r-1,s-1) = (r-1)(s-1)$

og la

$$y_t = z_t + y_{t-1}, \quad t = 2, 3, \dots, (r-1)(s-1)$$

der

$$\begin{aligned}
 y_1 &= z_1 \text{ og } y_{(r-1)(s-1)} = y = \sum_{k=1}^{r-1} \sum_{\ell=1}^{s-1} a_{k\ell} x_{k\ell} \\
 &= \sum_k \sum_\ell z_{k\ell} = \sum_{t=1}^{(r-1)(s-1)} z_t.
 \end{aligned}$$

Ved rekursjon finn vi

$$f^{(2)}(y) = \sum_z f_{11}(y-z)f_{12}(z)$$

$$f^{(t)}(y) = \sum_z f^{(t-1)}(y-z)f_t(z), \quad t = 3, 4, \dots, (r-1)(s-1)$$

og dermed

$$g_1(y | x_{1+}, \dots) = f^{((r-1)(s-1))}(y)$$

Dersom vi spesielt vel $a_{ij} = 1$ for alle i og j blir

$$Y = \sum_{i=1}^{r-1} \sum_{j=1}^{s-1} Y_{ij}$$

og den betingte fordelinga g_1 blir redusert til den hypergeometriske fordelinga

$$\frac{\binom{\sum_{j=1}^{s-1} x_{+j}}{y} \binom{N - \sum_{j=1}^{s-1} x_{+j}}{r-1-y}}{\binom{N}{r-1}} \cdot \binom{r-1}{\sum_{i=1}^{s-1} x_{i+}}$$

Ovafor blei det vist at vi kunne studere uavhengigheit/avhengigheit i rxs-tabellen ved analyse av kryssproduktforholda α_{ij} (definert ved (3.2)). Samtidig peika vi på at α_{ij} har fornuftig tolkning, slik at vi kan oppnå interessant detaljinformasjon gjennom analyse av desse parametrane. Spesielt kan det vere aktuelt å undersøke om det er trend i kryssproduktforholda, dersom forspalten (eventuelt hovudet) i tabellen har ei naturleg ordning. Som vi skal sjå nedafor, kan problemstillingar med trend kome til uttrykk i modellen (3.5). Vi føreset at forspalten i tabellen har ei naturleg ordning.

$$\mathcal{A}_1 = \{a(i) : a(i) < 0 \text{ og } a(i) \text{ monotont veksande for } i > 0\}$$

og

$$\mathcal{A}_2 = \{a(i) : a(i) > 0 \text{ og } a(i) \text{ monotont avtakande for } i > 0\}$$

Ved å la

$$a_{ij} \in \mathcal{A}_1, \quad j = 1, 2, \dots, b$$

og

$$a_{ij} \in \mathcal{A}_2, j = b + 1, b + 2, \dots, s-1$$

i (3.5), får vi for $\gamma > 0$ at

$$\alpha_{1j} < \alpha_{2j} < \dots < \alpha_{rj}, j = 1, 2, \dots, b$$

og

$$\alpha_{1j} > \alpha_{2j} > \dots > \alpha_{rj}, j = b + 1, b + 2, \dots, s-1.$$

Vi har dermed vist at metoden ovafor (Generalisert Fisher-Irwins test, med særskilt val av a_{ij} -ane) også kan bli nytta til å vurdere trend i kryssprodukta α_{ij} , $i = 1, 2, \dots, r-1$; $j = 1, 2, \dots, s-1$.

Merk. Dei gitte reelle tala a_{ij} , $i = 1, 2, \dots, r-1$; $j = 1, 2, \dots, s-1$ som inngår i modellen $\mathcal{P}_{\gamma, B}$, skal fastsetjast på grunnlag av den apriori kunnskap vi har om fenomenet som vert undersøkt.

Metoden har to bruksområder:

(i) metode for å avsløre om det generelt er avhengigheit mellom kjennemerka i tabellen. Dersom det er feil i modellføresetnadene (nokre av a_{ij} -ane er feil valde), så fører dette til at metoden taper effektivitet. Sannsynet for feilaktig å påstå avhengigheit mellom kjennemerka i tabellen blir derimot ikkje forstyrra av feil i modellen.

(ii) sluttningsregel for dei underliggjande parametrane; dvs. metode for å undersøke om det eksisterer ei særskild spesifisert avhengigheit i tabellen. Vi kan formulere dette som tre-desisjonsproblem ved parameteren γ , og nytta tre-desisjonsregelen som svarar til testprosedyren gitt ved G_1 , dvs. vi kan påstå $\gamma > 0$ dersom

$$G_1(\tilde{Y} | X_{1+}, \dots, X_{r-1+}, X_{+1}, \dots, X_{+s-1}) > 1 - \epsilon$$

og $\gamma < 0$ dersom

$$G_1(Y | X_{1+}, \dots, X_{r-1+}, X_{+1}, \dots, X_{+s-1}) < \epsilon.$$

Nivået er ϵ , dvs. sannsyna for feilaktig å påstå $\gamma > 0$ og feilaktig å påstå $\gamma < 0$ er høgst ϵ .

3.2. Symmetri

Vi seier vi har symmetri i ein rxr-tabell dersom

$$p_{ij} = p_{ji}, i \neq j; i, j = 1, 2, \dots, r$$

som er ekvivalent med

$$\beta_{ij} = 1, i < j; j = 1, 2, \dots, r \quad \text{der} \quad \beta_{ij} = \frac{p_{ij}}{p_{ji}}.$$

Dersom vi har data som er resultat frå ei panelundersøking, kan kvart individ i utvalet klassifiserast etter same kriteriet på to ulike tidspunkt. Det vil da ofte vere interessant å vurdere materialet i den framkomne kvadratiske tabellen gjennom omgrepet symmetri. Symmetri vil seie at det er "fullstendig likevekt" mellom tilstandane; like mange har gått frå A til B som frå B til A. I Byrået vil det i samband med Arbeidskraftundersøkinga vere interessant å studere dei ulike overgangane mellom kategoriane sysselsett, delvis sysselsett og ikkje-sysselsett. Symmetri i tabellen vil her seie at sannsyna for tilgang og avgang frå sysselsett til delvis sysselsett og ikkje-sysselsett er parvis like, sannsyna for tilgang og avgang frå delvis sysselsett til sysselsett og ikkje-sysselsett er parvis like og sannsyna for tilgang og avgang frå ikkje-sysselsett til sysselsett og delvis sysselsett er parvis like. På tilsvarande måte kunne det vere interessant å studere pendling, kriminalitet, stemmegiving ved val, osv.

Vi har den situasjonen som er skildra innleiingsvis i kap. 3 med $s = r$, altså ein rxr-tabell. Vi vil nedafor vise at modellen for symmetri kan skrivast på formen $\mathcal{P}_{O,B}$.

Ved å nytte (2.3) får vi β_{ij} uttrykt ved dei minimalkanoniske parametranne

$$\beta_{ij} = \exp(\theta_{ij} - \theta_{ji}), \quad i < j.$$

La

$$(3.8) \quad B = \begin{matrix} & \begin{matrix} 1 & 2 & 3 & \dots & r & r+1 & r+2 & r+3 & \dots & 2r+1 & \dots & 3r+2 & \dots & (r-1)r+1 & \dots & h-1 \end{matrix} \\ \begin{matrix} 1 \\ 2 \\ \vdots \\ r-1 \\ r \\ r+1 \\ \vdots \\ \vdots \\ \vdots \\ d_1 \end{matrix} & \left(\begin{array}{cccccccccccccccc} 0 & 1 & 0 & 0 & \dots & 0 & -1 & 0 & 0 & 0 & \dots & 0 & 0 & \dots & 0 & \dots & 0 \\ 0 & 0 & 1 & 0 & \dots & 0 & 0 & 0 & 0 & -1 & 0 & \dots & 0 & \dots & 0 & \dots & 0 \\ \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots \\ 0 & 0 & 0 & 0 & \dots & 1 & 0 & 0 & 0 & 0 & \dots & 0 & 0 & \dots & 0 & -1 & \dots & 0 \\ 0 & 0 & 0 & 0 & \dots & 0 & 0 & 1 & 0 & \dots & -1 & \dots & 0 & \dots & 0 & 0 & \dots & 0 \\ 0 & 0 & 0 & 0 & \dots & 0 & 0 & 0 & 1 & \dots & 0 & \dots & -1 & \dots & 0 & 0 & \dots & 0 \\ \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots & \vdots \\ 0 & 0 & 0 & 0 & \dots & 0 & 0 & 0 & 0 & \dots & 0 & \dots & 0 & \dots & 1 & 0 & \dots & -1 \end{array} \right) \end{matrix}$$

der $h = r^2$ og $d_1 = \frac{1}{2}r(r-1)$.

Sidan

$$B\theta = 0$$

er ekvivalent med

$$\beta_{ij} = 1, \quad i < j.$$

kan hypotesen (modellen) for symmetri skrivast på formen

$$\mathcal{P}_{O,B}$$

Vi skal no etablere ein test for hypotesen $\mathcal{P}_{0,B}$ under modellen $\mathcal{P}_{\gamma,B}$ (definert ved (2.5)) der B er gitt ved (3.8), $v = 0$,
 $U = (a_{12}, a_{13}, \dots, a_{1r}, a_{23}, a_{24}, \dots, a_{2r}, \dots, a_{r-2r-1}, a_{r-2r}, a_{r-1r})'$
 og a_{ij} , $i < j$ er faste reelle tal, dvs. vi skal studere parameteren γ under modellen $\mathcal{P}_{\gamma,B}$.

A priori restriksjonane $B\theta = U\gamma$ kan dermed uttrykkjast ved

$$(3.9) \quad \theta_{ij} - \theta_{ji} = a_{ij}\gamma, \quad i < j$$

som er ekvivalent med

$$\beta_{ij} = \frac{p_{ij}}{p_{ji}} = \exp(a_{ij}\gamma), \quad i < j.$$

Sidan $\mathcal{P}_{\gamma,B}$ er \mathcal{P} (definert ved (3.6) med $s = r$) avgrensa ved (3.9), får vi ved å setje (3.9) inn i (3.6) at $\mathcal{P}_{\gamma,B}$ er gitt ved

$$(3.10) \quad dP_{\theta} = a(\theta) \exp(\gamma \sum_{i < j} a_{ij} x_{ij} + \sum_i \theta_{ii} x_{ii} + \sum_{i < j} \theta_{ji} (x_{ij} + x_{ji})) dP_0.$$

Setning 2 gir da at testen som forkastar

$$H : \gamma = 0 \text{ (symmetri) mot } A : \gamma > 0$$

når

$$Z = \sum_{i < j} \sum a_{ij} X_{ij} > k (W, X_{11}, X_{22}, \dots, X_{r-1r-1})$$

der $W_{ij} = X_{ij} + X_{ji}$ og $W = (W_{12}, \dots, W_{1r}, W_{23}, \dots, W_{2r}, \dots, W_{r-1r})$,
 er O.A.S.S. test med nivå ϵ .

Som vi skal sjå nedafør, er k berre avhengig av W. Derfor blir testen som forkastar

$$H : \gamma = 0 \text{ mot } A : \gamma > 0$$

når

$$Z > k(W)$$

O.A.S.S. test med nivå ϵ .

Under H har vi at

$$\begin{aligned} & \Pr\left(\bigcap_{i < j} (W_{ij} = w_{ij}), \bigcap_{i=1}^{r-1} (X_{ii} = x_{ii})\right) \\ &= \prod_{i=1}^{r-1} \frac{p_{ii}^{x_{ii}}}{p_{rr}} \prod_{i > j} \frac{p_{ij}^{w_{ij}}}{p_{rr}} \frac{N!}{p_{rr}^{r-1} \prod_{i=1}^{r-1} x_{ii}! (N - \sum_{i=1}^{r-1} x_{ii} - \sum_{i < j} w_{ij})!} \sum_{i < j} \frac{1}{\prod_{i < j} (x_{ij}! (w_{ji} x_{ij})!)} \end{aligned}$$

$$= \frac{\prod_{i=1}^{r-1} \left(\frac{p_{ii}}{p_{rr}}\right)^{x_{ii}} \prod_{i>j} \left(\frac{p_{ij}}{p_{rr}}\right)^{w_{ij}} p_{rr}^N}{\prod_{i=1}^{r-1} x_{ii}! \prod_{i<j} (N - \sum_{i=1}^{r-1} x_{ii} - \sum_{i<j} w_{ij})! \prod_{i<j} w_{ij}!} \prod_{i<j} \binom{w_{ij}}{x_{ij}} \binom{w_{ij}}{x_{ij}}$$

